



Sogndal kommune

Plan for oppfølging av sjukmelde i Sogndal kommune

Oppfølging av sjukmelde i Sogndal kommune.

Sjukemelding - Periode		Kontakt	Ansvar	Merknader
0 - 8 dagar	Eigenmelding	Telefonkontakt etter 3 dagar. Ny kontakt etter 8 dagar.	Næraste overordna	Arbeidstakar skal melde frå om sjukdom til næraste leiar om morgonen per telefon. Arbeidstakar pliktar å fylle ut elektronisk eigenmelding som skal sendast næraste overordna første dag etter ein er tilbake i jobb.
8 - 16 dagar	Sjukmelding	Kontakt før utløp av sjukmelding. Sikre kontakt før lege ev. skriv ut ny sjukmelding.	Næraste overordna ev. i samarbeid med verneombod.	Lege sender elektronisk sjukmelding til NAV. Ta kontakt før utløp av perioden per telefon. Sjekk om sjukmelding skuldast tilhøve på arbeidsplassen.

<p>2 - 4 veker</p>	<p>Oppfølgings-plan</p>	<p>Det skal utarbeidast oppfølgingsplan av arbeidsgjevar i samarbeid med den sjukmelde, seinast innan fire veker.</p>	<p>Næraste overordna.</p>	<p>Kontakten bør til vanleg skje i form av eit møte mellom leiar og arbeidstakar på arbeidsplassen. Både den sjukmelde og leiar skal vurdere om det er oppgåver som det er mogleg å utføre under vegs i sjukefråværet, og kva som ev. må til. I det digitale verktøyet kan begge skrive inn framlegg og verte samde om ein plan.</p> <p>Planen kan delast digitalt med både lege og NAV når den er godkjend.</p> <p>Dersom de ser at sjukmeldinga kjem til å vare ei stund bør oppfølgingsplanen sendast til NAV. Det er viktig at planen vert skriven ut og arkivert som dokumentasjon.</p>
<p>4 - 7 veker</p>	<p>Dialogmøte 1</p>	<p>Ny kontakt med arbeidstakar - m.a. for å vurdere arbeidsevne. Utreie/planleggje ev tilrettelegging på arbeidsplassen ev. i kombinasjon med graderte sjukepengar. Det skal gjennomførast slikt møte innan 7 veker med mindre det openbart ikkje er naudsynt.</p> <p>Det skal gjennomførast dialogmøte for arbeidstakarar som er</p>	<p>Leiar kallar inn til møte. Lege møter om arbeidsgjevar og arbeidstakar ønskjer det. BHT og/eller NAV kan og møte dersom ein meiner det er trong for det. Dersom den sjukmelde ønskjer det kan tillitsvald/verneombod delta.</p>	<p>Arbeidsgjevar og arbeidstakar skal gå i gjennom og arbeide vidare med oppfølgingsplanen. Det er viktig å avklare kva arbeidstakaren kan gjere på arbeidsplassen og kva for tilretteleggingstiltak som er mogleg.</p> <p>Det er viktig at det vert fokusert på kva arbeidstakar kan gjere av arbeidsoppgåver. Den sjukmelde sin diagnose skal ikkje vere tema for møtet.</p> <p>Dersom arbeidstakar har vore heilt sjukmeldt fram til dialogmøtet, er hovudføremålet med møtet å gjere greie for dei tilretteleggingstiltak og endringar i arbeidstakaren sine arbeidsoppgåver som vil være naudsynt for om</p>

		gradert sjukmelde dersom ein finn det hensiktsmessig.		<p>mogleg å sikre heil eller delvis deltaking /oppattaking av arbeidet.</p> <p>Døme på viktige spørsmål i dialogmøtet kan vere; kva for oppgåver har verksemda som arbeidstakar kan utføre på trass av sine plage? Er det trong for ergonomisk tilpassing eller tekniske hjelpemidlar i samband med tilrettelegginga? Kan arbeidsoppgåvene fordelast på anna måte ein periode? Er det organisatoriske grep som kan gjerast? Bør arbeidstakar skjermast for spesielle arbeidsbelastningar eller oppgåver ein periode? Lege/BHT kan og delta dersom ein ser trong for det.</p>
8 veker			Arbeidstakar	Arbeidstakar har aktivitetsplikt. Dersom arbeidstakar ikkje er i arbeidsrelatert aktivitet innan åtte veker, vil sjukepengane verte stansa dersom ikkje tungtvegande medisinske grunnar hindrar arbeidstakaren å vere i aktivitet. Ved ev. stans i utbetaling av sjukepengar vil arbeidsgjevar få melding frå NAV slik at løn kan stansast.
9 - 26 veker	Dialogmøte 2	Hald fram med regelmessig kontakt med arbeidstakar (min. kvar månad på telefon eller i form av møter/invitasjon til arbeidsplassen (arrangement, lunsj, osv.).	NAV, arbeidstakar eller arbeidsgjevar kan ta initiativ til møte før det har gått 26 veker, men det er NAV som har ansvar for innkalling og	Dersom ein finn det tenleg, kan alle partar be NAV kalle inn til eit dialogmøte 3.

		Dialogmøte i regi av NAV skal haldast innan 26 veker .	gjennomføring. Arbeidsgjevar skal sende oppfølgingsplan til NAV ei veke før møtet.	
26 - 52 veker	Sjukemelding	Hald fram med regelmessig kontakt med arbeidstakar (min. kvar månad på telefon eller i form av møter/invitasjon til arbeidsplassen (arrangement, lunsj osv.).	Næraste overordna.	Det skal arbeidast aktivt med å finne løysingar som kan føre arbeidstakaren attende til yrkeslivet. Vurdere interne attføringstiltak, omplassering, mv. Utgreiing av arbeidstakar sin arbeidsevne, trong for hjelpemidlar, tilpassingar m.v. Det bør vurderast om det skal haldast eit dialogmøte 3 innan utgangen av sjukmeldingsperioden.
1 år	Løna vert stoppa. Ev. dialogmøte 3 Dersom det ikkje er sett i gang attføringstiltak av noko slag søker arbeidstakaren permisjon frå eigen stilling i inntil 1 år. Jf. eige skriv frå arbeidsgivar om lag 2 mnd før maksdato.	Hald fram med regelmessig kontakt med arbeidstakar anten vedkomande er i attføringstiltak eller ikkje - Om lag kvart kvartal	NAV kallar inn til dialogmøte 3 dersom ein av partane ber om slikt møte . Same reglar og føresetnader som i dialogmøte 2.	
2år	Jf. reglement for Sogndal kommune kan det søkjast om	Kontakt kan vanlegvis opphøyra dersom arbeidstakar er 100% ufør.		Arbeidsforholdet held fram til ein av partane seier opp stillinga.

	vidare permisjon frå stillinga.			
--	---------------------------------	--	--	--

Framlegg